

Tertialrapport 1/15 – Konesjonskraftomsetjing

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|-------------------|------|------|------|------|------|
| Budsjett 2015 | 51,9 | 44,2 | 37,5 | 38,7 | 38,7 |
| Ny prognose T1/15 | 54,2 | 49,1 | 42,1 | 39,9 | 40,1 |
| Endring | 2,3 | 4,9 | 4,6 | 1,2 | 1,4 |

Føresetnader Budsjett 2015/øk.plan 2016-2019:

Budsjettet for 2015/økonomiplan 2016 – 2018 er basert på marknadsprisar og valutakursar per våren 2014 og konesjonskraftmengde på 373 gwh. Kostnader med kjøp av konesjonskraft er berekna til 13,14 øre/kwh (vår innkjøpspris 10,84 + innmating 2,30). Kostnader Markedskraft, Kommune kraft, ulike gebyr etc. er berekna til 1,0 mill. kr.

Frå 2015 skal vi - etter vedteken strategi for kraftsalet - ha pris- og valutasikra 80% av tilgjengeleg volum ved inngangen til budsjettåret.

2014 var siste året SFE omsette konesjonskraft for oss slik at frå og med 2015 vert alt tilgjengeleg volum omsett gjennom avtalen med Markedskraft.

Ny prognose 2015

Prognosen pr. T1/15 legg til grunn kjent mengde i 2015 – 394 gwh – og marknadsprisar/ valutakursar pr 30.04.15.

Vår innkjøpspris (OED – prisen) for 2015 er fastsett til 10,60 ørd/gwh – ein nedgang på 0,24 øre/gwh. Dette gjev isolert sett eir reduksjon i våre innkjøpskostnader på om lag 0,8 mill. kr. På den andre sida er kostnadane med innmating etc. særst usikre. Fylkesrådmannen rår difor til at vi ikkje endrar vårt anslag på kostnadar på kjøp av konesjonskraft no i T 1/15 men at vi ev kjem attende til det i T2/15.

Pr dato er 76% av tilgjengeleg volum prissikra. Grunnen til at vi ikkje har nådd 80%, som er målet, er at auken i tilgjengeleg kraftmengde fyrst vart kjent etter at sikringa var gjennomført. I andre år der vår kraftmengde vert redusert vil det få motsett effekt i høve vedteken sikringsgrad ved inngangen til budsjettåret.

Prognosemodellen tek utgangspkt i systemprisen på evalueringstidspunktet. Vår kraft vert imidlertid selt i område 5 (Vest-Norge). Områdeprisen vil ofte avvike frå systemprisen. Dette kan vere både positive og negative avvik. I tillegg har konesjonskrafta ein meirverdi som Markedskraft prøver å maksimera. Pr mars har desse to komponentane eit negativt avvik på 0,4 mill. kr., mens dei i budsjettprognosen er vurdert til 0. Korleis utviklinga ut året vil bli er usikkert. Fylkesrådmannen rår til at vi avventar ev. endringar til T2/15.

Ny prognose for 2015 vil då vere:

| | 2015 |
|---------------|------|
| Budsjett 2015 | 51,9 |

| | |
|-------------------|------|
| Ny prognose T1/15 | 54,2 |
| Endring | 2,3 |

Forventa auke i konsesjonskraftinntektene skuldast i all hovudsak at konsesjonskraftvolumet i 2015 ligg 21 gwh over føresettt nivå i gjeldande budsjett.

Prognose 2016 – 2018

Ny prognose økonomiplan 2016 – 2019 baserar seg på same grunnlag som ny prognose B 2015. ved rullering av planperioden vart 2019 sett likt 2018. I høve gjeldande økonomiplan gjev dette følgjande ny prognose:

| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|-------------------------|------|------|------|------|
| Økonomiplan 2016 - 2019 | 44,2 | 37,5 | 38,7 | 38,7 |
| Ny prognose T1/15 | 49,1 | 42,1 | 39,9 | 40,1 |
| Endring | 4,9 | 4,6 | 1,2 | 1,4 |